

Flinke kulturskuleelevar med flott konsert.

14.06.2017



Nikolai Vågen, fiolin, si framføring av Menuett av Bach saman med læraren Olena Pasichnyk på piano var absolutt eitt av høgdepunkta.

Kulturskuleåret går mot slutten, og vi er no inne i ei veke med framføringar som avsluttar skuleåret. Uskedalen.no var til stades på konserten i Rosendal samfunnshus då dette er konserten med flest deltakande her frå bygda. Det har også vore uskedelingar med på andre framføringar, m.a. danseframsyning og rockekonsert tidlegare i veka.



Denne store gitargruppa innleia konserten på ein flott måte med Trollsandvisa. Mellom gitaristane i gruppa var uskedelingane Mathilda Valvatna-Kristiansen, Pål Ingmar Haugland og Fredrik Simensen Haugland.

Det er kjekt å vera publikum på desse konsertane. Eg kjenner att elevar frå år til år, og det er verkeleg kjekt å sjå korleis dei utviklar seg. Framgangen er tydeleg, og innan musikk er det viktig å gå i lære ein del år. Det er ikkje ein kunst dei lærer på kort tid, men med tid og øving får dei ein hobby dei får ekstra stor glede av. Konserten i kveld går absolutt inn i historien blant dei betre. Både solistar og samspelgrupper kom svært godt frå det. Særleg imponerte det meg korleis lærarane fekk samspelgrupper blant dei yngste til å fungera godt. Her

har det vore god framgong i kulturskulen dei siste åra.

Vi fekk oppleve ein variert og flott konsert der det veksla mellom samspelgrupper og solistar. Vi fekk høyra ulike instrument med både gitar og piano, ulike messinginstrument og av strykarar fekk vi høyra både fiolin, cello og til og med kontrabass(Kjell Skarsfjord) som vert nytt tilbod i kulturskulen frå hausten av. Innimellom dei gode instrumentalføringane fekk vi også eit fint songinnslag av Marit Skarsfjord som framførte Radioactive.

Messingaspirantane fekk æra av å avslutta den flotte konserten, og det gjorde dei med glans. Med god trøkk i spelet sitt, der dei viste dei hadde lært mykje dette første året, fekk dei det til å svinga slik at det faktisk rykte i den gamle dansefoten til underteikna.



Ingrid Klyve kom flott frå framføringa av Klessnorvals.



Uskedalingane Patryk Krawiec, Sondre Klyve og Karsten Huse Bjørnebøle hadde ei flott framføring av Streets of London saman med lærarane Ingvald(gitar) og Kjell(kontrabass). Dei framførte også ein annan kjend slager Killing me softly samt Kamp's Jig.



Nils Rainer Vågen hadde flott euphoniumssolo på den kule låten Wizard Wheezes.



Strykeorkester 2 imponerte verkeleg då dei framførte Oh, What a Day og William Tell. Absolutt eit høgdepunkt.



I det store strykeorkester 2 var desse uskedelingane med: Anna Elisabeth Eik, Astrid Kroka Raudstein, Dagny K. Raudstein, Joa Saghaug Kroka, Kaylah Stensletten, Mina W. Vethus, Nikolai Vågen (alle fiolin) og Deimante Zemaitaityte (cello).



Messingaspirantane hadde ein flott avslutning på konserten. Dei spela to nummer. Kjempeflott!! Og då dei avslutta med Hansel og Gretel svinga det godt i salen. 3 av aspirantane frå Uskedalen var med, Linnea Enes, Linnea M. Ripel og Torger Johan Koløy.
Tekst, fot og nett: Thor Inge Døssland